



**Grunnlagsdokument for Kultur og medborgerskap (K5)
01.12.2018**

Innhald - Prosjekt nye Ålesund-gjennomføringsfase del 2

1 INNLEIING – KVAR ER VI OG KVAR SKAL VI..... 2

2	ORGANISASJONSKART OVER NYE ÅLESUND KOMMUNE	2
3	KUNNSKAPSGRUNNLAG.....	3
3.1	Status – generelt om stabs-/kommunalområdet.....	3
3.2	oversikt over området	3
3.3	nasjonale føringar Faktatal	4
3.4	kommunale føringar	5
4	STATUS, TRENDAR OG UTFORDRINGSBILDE	6
5	SATSINGSOMRÅDER.....	9
5.1	Målhierarki - modell	Feil! Bokmerke er ikke definert.
5.2	Mål og strategiar for tenestene.....	10
5.3	Kompetansebehov.....	11
5.4	Innovasjon og digitalisering.....	12

1 INNLEIING – KVAR ER VI OG KVAR SKAL VI

2 ORGANISASJONSKART OVER NYE ÅLESUND KOMMUNE

3 KUNNSKAPSGRUNNLAG – KULTUR OG MEDBORGERSKAP

«Kunsten er innholdet i livet, den stiller spørsmål uten å gi svar. Den utfordrer, fyller – utvikler mennesket og samler flokken.» (Per Fugelli)

3.1 GENERELT OM KOMMUNALOMRÅDE

Styringsgruppa har definert følgjande overordna mål for kommunalområdet:

(Nye) Ålesund kommune har attraktive og inkluderande lokalsamfunn basert på samskaping og eit mangfoldig kulturliv.

Gode lokalsamfunn, som er attraktive å flytte til og leve i, vert skapt i fellesskap mellom dei som bur og arbeidar der. Ved å legge til rette for deltaking, opplæring og arrangement innan kultur, idrett, friluftsliv og frivillighet kan kommunen danne grunnlag for gode liv. Styringsgruppa ønskjer å vise til at kultur ikkje er avkobling, men tilkobling – til lokalsamfunnet, nabolaget, individ og både i eit regionalt, nasjonalt og globalt perspektiv. Kultur og medborgerskap binder oss saman.

Grunnlagsdokumentet skal vise til kva dette området inneheld idag, kva utfordringar ein står overfor og kva vi vil - og meiner vi kan - oppnå.

3.2 OVERSIKT OVER OMRÅDET

Kommunalområde for «Kultur og medborgarskap» omfattar følgjande 11 område: Innbyggjartorg/servicetorg, Bibliotek, Allmenn kultur, Kulturhus, Nærmiljøutvikling, Frivillig arbeid/Frivilligsentral, Seniorsenter, Ungdomsklubb/ungdomsarbeid/ungdomsråd, Kulturminneforvaltning, Idrett, anlegg og friluftsliv og Kulturskule.

For at ikkje grunnlagsdokumentet skal bli altfor omfattande, ser ein behov for å legge ved eiga skriv med utgreiing av disse områda:

- Innbyggjartorg – Vedlegg 1
- Organisasjonsform av kulturhus – Vedlegg 2
- Organisering av seniorsenter - Vedlegg 3

Innbyggjartorg er noko heilt nytt i organiseringa av nye Ålesund kommune. Difor er det viktig å forklare meir grundig korleis ein kan organisere og legge innhald til dette området.

Når det gjeld kulturhus har Fellesnemnda i møte 13.09.18, sak 33/18 bedt styringsgruppa for Kultur og medborgarskap om å vurdere om Ingebrigt Davik- huset KF skal vidareførast som kommunalt

føretak. Vedlegg 2 er styringsgruppa sitt svar på dette oppdraget, og ein konkluderer med at organisasjonsformen for ID-huset bør vidareførast som i dag.

Tidleg i styringsgruppa sitt arbeid vart ein samd i å føreslå at seniorsenter vart flytta frå ei organisering i K5 til K1/K2. Dette blir grunngeve i vedlegg 3.

3.3 NASJONALE OG REGIONALE FØRINGAR

Nasjonale føringar innanfor kommunalområde Kultur og medborgerskap blir gitt gjennom lovar, stortingsmeldingar og offentlege utgreiingar.

Stortingsmelding nr.39 (2006-2007) «Frivillighet for alle» peikar på at utviklinga av eit levande sivilsamfunn sikrast gjennom å utvikle eit nært samspill mellom offentlege aktørar og frivillige organisasjonar. Følgjande satsningsområde vert øfta fram:

- Tilrettelegging for at alle kan delta i frivillig arbeid
- Betre vilkår for frivillig virke lokalt
- Auke kunnskap og merksemd om det frivillige si rolle og betydning i samfunnet

Kulturloven slår fast at det er ei offentlig oppgåve å tilrettelegge for eit bredt spekter av kulturverksemd.

St.meld. nr. 47 (2008 – 2009) «Samhandlingsreformen» ser kulturarbeidet som ein viktig del av folkehelsa. Det vert peika på at innbyggjaranes medverknad i samfunnet styrker folk si helse og jamner ut sosiale ulikskap i helse og levekår. St. mld 8 (2007 – 2008)

«Kulturell skulesekk for framtida» formulerer mål og prinsipp for den kulturelle skulesekken.

«Kulturutredningen 2014» evaluerte utviklinga i norsk kulturpolitikk og kom med tilråding til korleis kommunane skulle møte dei viktigaste utfordringane i åra framover. Utvalet var særleg opptatt av at den kulturelle grunnmuren må styrkast, med vekt på mellom anna:

- Folkebiblioteka
- Kulturskolane
- Øvings- og framføringslokale for det lokale kulturlivet

Kommunane har lovpålagte oppgåver knytta til å tilby eit kulturskuletilbod til alle barn og unge (Opplæringslova § 13-6) og folkebibliotek for alle innbyggjarar (Lov om folkebibliotek § 4). Biblioteklova seier vidare at oppgåva til folkebiblioteka skal vere å fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bur i landet. Vidare skal folkebiblioteka vere ein uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

I Stortingsmelding 26 (2011-2012) «Den norske idrettsmodellen» løfter ein fram at den statlege idrettspolitikken skal legge til rette for at flest mogleg skal kunne utøve idrett og fysisk aktivitet. Barn og unge, funksjonshemma og inaktive er viktige målgrupper.

Overordna mål er:

- Det skal vere mogleg for alle å utøve idrett og fysisk aktivitet
- Den frivillige, medlemsbaserte idretten skal sikrast gode rammevilkår
- Det skal leggest til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet
- Toppidretten skal styrkast

Folkehelselova seier at kommunen skal sette i verk naudsynte tiltak for å møte folkehelseutfordringar (Folkehelselova § 7). Dette kan blant anna omfatte tiltak knytt til oppvekst- og levekårsforhold som utdanning, fysiske og sosiale miljø, fysisk aktivitet etc.

Friluftsløven sitt formål er å «*verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre almenhetens rett til ferdse, opphold m.v. i naturen, slik at muligheten til å utøve friluftsliv som en helsefremmende, trivselskappende og miljøvennlig fritidsaktivitet bevares og fremmes.*» (Lov om friluftslivet § 1)

Kulturminner og kulturmiljøer med si eigenart og variasjon skal vernast som ei del av identiteten og kulturarven vår og som eit ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressursane som varig grunnlag for noverande og framtidige generasjonar. Kulturminnelova legg føringar for dette arbeidet.

I Fylkesplanen for Møre og Romsdal legg ein fokus på området kultur som drivkraft for regional utvikling, kulturformidling, folkehelse og fysisk aktivitet, bibliotek, kulturarv og frivillig engasjement.

Kulturdepartementet si kulturmelding 2018 vart lansert 23.11.18. Meldinga skal danne grunnlaget for ein overordna politisk debatt om kulturpolitiske utfordringar i åra som kjem. Meldinga understrekar blant anna at eit variert kulturliv er vilkår for eit velfungerande demokrati.

3.4 KOMMUNALE FØRINGAR

Intensjonsavtalen mellom dei fem kommunane våre seier at vi i nye Ålesund skal styrkje og utvikle mangfaldet i kulturlivet som ein veg til å oppnå nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet.

Dei kommunale føringane går i tråd med dei nasjonale føringane. Hovudutfordringa er å få til ei utvikling i samsvar med måla. Dette kan forklarast med manglande ressursar i form av økonomiske rammer, effektive arbeidsformer (til dømes byråkratisk kommunal sakshandsaming og saksgong for spelemiddelsøknadar som setter frivillig arbeid på ei tolmodsprøve), tilgang på kompetanse (mellom anna innanfor kulturskule og bibliotek).

Kommunane arbeidar for å legge til rette for eit breitt aktivitetstilbod og fleire lågterskeltilbod til innbyggjarane. Dette blir mellom anna synleg i korleis ein dei siste åra har utvida tilbod innanfor kulturskule, arrangement på bibliotek og fremme behov for anlegg og kulturhus som kan romme fleire aktivitetar. Alle kommunane tilbyr gratis leige av kommunale bygg for barn og unge under 18 år.

Satsing på barn og ungdom er felles for dei fem kommunane, som alle er MOT-kommunar, har ungdomsråd og arbeidar for å legge til rette for møteplassar for ungdom. Alle kommunane har kommunalt tilsette som fungerer som ungdomskontaktar.

Levevilkårsundersøkinga og UngData undersøkinga er kunnskapsbasert utgangspunkt for prioriteringar innanfor kommunalområdet vårt.

Alle kommunane (Sandøy søkjer om å få oppretta i 2019) har frivilligsentralar som arbeidar for å fremme og legge til rette for møteplassar og frivillig innsats i lokalsamfunnet.

Alle kommunane har ei kommunedelplan for fysisk aktivitet med prioritert handlingsdel. Utover dette har kommunane ulike planar innfor dette området. Ålesund kommune er den einaste

kommunen som har eigen kulturplan. Skodje kommune har ein kulturminneplan og Haram og Ørskog kommune er i gang med dette planarbeidet. Sandøy kommune har planar om å utarbeide ei kulturminneplan i 2019 og Ålesund har byrja med DIVE-undersøking av kulturminne.

Haram, Skodje, Ørskog og Ålesund kommune er medlemmer av Sunnmøre friluftsråd, i mens Sandøy tilhøyrrer Nordmøre og Romsdal friluftsråd. Friluftsråda har mellom anna ansvar for stell av fleire friluftsområde i regionen og dei tilbyr kurs, friluftaktivitetar og utlån av friluftsutstyr.

4 STATUS, TRENDAR OG UTFORDRINGSBILDE

4.1 STATUS

Haram kommune

Brucarane av Haram kommune sine tenester står i fokus, og samhandling med frivillige og andre aktuelle aktørar gjennom folkehelsestrategi og kultursamarbeid er eitt av satsingsområda.

Haram kommune består av eit fastland og fire større øyar. Tenestetilbodet innanfor idrett og kultur er desentralisert, og vert i stor grad ivaretatt av frivillige lag og organisasjonar. Fleire av desse har avtalar med kommunen knytt til bruk av fleirbruksbygg eller leige av idrettsanlegg. Haram kommune har ikkje kultursjef/kulturkonsulent. Kulturområdet vert i dag administrert frå stab/støtte, men delar av oppgåvene vert ivaretatt av andre einingar. Kommunen har eit kulturhus i Brattvåg som er organisert som eit kommunalt føretak (Ingebrigt Davik-huset). I tillegg har kommunen ein kombinert kultur- og idrettshall på Vatneidet (Eidet kulturhall). Denne vert drifta av Foreininga Eidet kulturhall, men med avtale med kommunen. Kommunen har eit hovudbibliotek i Brattvåg og 4 filialar. Kulturskuletilbodet er desentralisert med undervisning rundt om kring i heile kommunen.

Sandøy kommune

Sandøy kommune har høg aktivitet i frivillige lag og foreiningar. Fritidstilbodet til barn og unge vert til regi av både av frivillige som idrettslag og korps, kommunen i form av kulturskule, og i samarbeid mellom frivillige og kommunen som ungdomsklubben Kvalen og det maritime aktivitetssenteret MAKS. Sandøy kommune har folke- og skulebibliotek, bygdekino, symjehall og nærmiljøkafe, og gir støtte til profesjonelle og frivillige kulturtilbydarar. Sandøy kommune har idrettshall og utandørs idrettsbane. På kulturområdet i nye Ålesund kommune ønskjer Sandøy både å ta vare på og dele det som er særeige for oss; den romsdalske kystkulturen, kulturlandskapet og ei sterk dugnadsand.

Skodje kommune

Skodje har siste 10-15 åra satsa bevisst på fysisk tilrettelegging. Gratis bruk av kommunale bygg, særleg etter at Gomerhuset blei realisert, har vore viktig for samarbeid, etablering av ny aktivitet og større frivillig engasjement. Gjennom informasjon om tilskotsmulegheiter og støtte til realisering av prosjekt har det blitt bygt fleire nærmiljøanlegg rundt om i grendene, både ballbingar og turvegar. Og mange turstiar er blitt rydda, merka og gjort kjent gjennom morotur.no/Stikk ut.

Skodje er ein kommune med relativt korte avstandar mellom ulike bygdelag/grender. Ei stor utfordring er å få bygt ut gang- og sykkelstiar slik det blir muleg å ta seg trygt mellom bygdelaga utan å måtte bruke motoriserte køyrety.

Ørskog kommune

Ørskog kommune har bedrifter, spesielt Ørskog Sparebank, som er raus og støttar kulturlivet økonomisk både gjennom årlege tildelingar og større prosjekt. Det er tradisjon for godt dugnadsarbeid

i lokalmiljøet. Det er innan mange områder gode grupperingar som arbeider aktivt og frivillig for at ting skal skje og vert gjort. Samstundes er vi ein liten kommune, og variasjonen av tilbod er ikkje så stor som i andre og større kommunar.

Ålesund kommune

Til tross for at kulturlivet i kommunen på en del områder blomstrar som aldri før og ein opplever at fleire og fleire nyttar mangfaldet i kulturtilboda, ser ein at kommunens manglande satsing innan kulturfeltet gjennom fleire år, utarmar både dei kommunale, frivillige og dei profesjonelle kulturaktørane. Kommunen manglar delar av den kulturelle "grunnmuren" som er nødvendig for å utvikle kulturlivet, som tilfredsstillande tilbod av kulturbygg, nok idrettshallar, ishall, gode støtteordningar for frivillige og profesjonelle kulturaktørar. Kommunen manglar også ressursar internt til å være med å utvikle kulturlivet på ein tilfredsstillande måte.

Tabellen under gir eit avgrensa bilete av nokre av områda innanfor K5 og forholdet mellom kommunane. I forhold til driftsutgifter ligg til dømes Ålesund kommune langt under gjennomsnittet i si Kostragruppe. Ein har her vald å ikkje presentere tal for kostragruppene då det er stor variasjon av korleis ein rapporterar på dette området.

Kolonnen lengst til høgre i tabellen viser årsverk knytt til frivilligsentral, kulturskule, bibliotek, kulturmedarbeidarar, ungdomskontaktar. Då mange medarbeidarar har deltidsstillingar fordelt over fleire einingar og løna blir kontert fleire plassar, vil her vere noko usikkerheit rundt faktiske årsverk.

Kommunar	Netto driftsutgifter i kr pr innbygger	Netto driftsutgifter i kr pr innbygger (ekskl byggnader)	Bibliotek besøk pr innbygger	Dekningsgrad ad kulturskule –% andel elevar i grunnskulen	Tal lag og organisasjonar	Årsverk innanfor kultur, idrett og frivillighet 2018/2019
Haram kommune	1411		3,8	13,1	81	8,2
Sandøy kommune	2194	2194	5,4	39,1	45	3,74
Skodje kommune	1370	596	2,6	11,1	36	4,2
Ørskog kommune	3292	3071	1,1	21,8	27	5,2
Ålesund kommune	1460	1460	2,8	20,5	202	79,9

Figur 1. Kommunane sine tal er for 2017 (unntatt årsverk)

Kommunalområdet K5 har aktivitet i mange ulike bygg, spreidd over heile storkommunen. Bygningane blir i stor grad brukt i samarbeid med mange ulike grupper både internt i kommuneorganisasjonen, av frivillige, lag og organisasjonar, profesjonelle utøvarar og innbyggjarar.

Dei kommunale bygningane til dette formålet skal dermed tilfredsstillе mange ulike grupper sine behov. Det blir stilt komplekse krav til den varierte aktiviteten som skal skje der, noko som inneber ei stor grad av tilpasning for både utøvarar eller brukarar. Eit døme på dette er kulturskulen sin aktivitet som i hovudsak blir lagt til skulane der barna er på dagtid, noko som ikkje nødvendigvis er dei lokala ein ville ha valt for å gi optimal opplæring i og utøving av faget.

I tillegg varierer eigarforholda til bygningane, noko som til dels kjem fram av vedlegg 2 som omtalar organisering av kulturhusa.

4.2 TRENDER OG UTFORDRINGSBILDE

Kulturlivet er relativt lite regelstyrt og har høg status som verkemiddel i utviklinga av andre samfunnsområde.

På oppdrag av Kulturdepartementet gjennomførte inFuture ei framtidsstudie (Fremtidens kultur i et brukerperspektiv; <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/fremtidens-kultur-i-et-brukerperspektiv/id2604811/?q=inFuture>)

Oppsummert peiker studien på følgjande:

1. Kulturen si rolle i samfunnet blir viktigare. Samfunnet utviklar seg i stor grad frå å vere eitt stort fellesskap, til å bli mange små.
2. Publikum sin kulturbruk er i endring og finansieringa forventast å bli meir utfordrande. Det har vore ein vekst i offentleg finansiering av kultur, men med moderat effekt på deltaking og interesse. Mens midlane til kulturformål har auka med 56 %, har tal besøk gått ned med 17 % i perioden 2008 – 2016. Barn og unge sine kulturbesøk er nær halvert, mens vaksne over 45 år har auka sine besøk med nær 40 % i perioden 1991 – 2015. Ein ser også ei endring ved at unge ikkje lenger legg frå seg sine kulturelle ungdomsvaner når dei blir vaksne.
3. Det blir viktigare å trene befolkninga i kulturbruk. Vert interessa vekt så vert bruken utløyst. Det blir viktigare å utnytte digitale mulegheiter kultursektoren.
4. Det blir også viktigare å fremje samarbeid og utvikling av felleskonsept på tvers av kulturelle aktørar.
5. Det blir viktig med talentutviklinga innan nye kulturfelt. Det bør vurderast om publikum sin eigen kulturproduksjon kan fremjast, blant anna ved hjelp av kulturelle «makerspaces».

Institutt for samfunnsforskning publiserte ein ny artikkel i 2018 som peikar på seks trendar for frivillighet i Noreg. (<https://www.samfunnsforskning.no/sivilsamfunn/aktuelt/nyheter/seks-trender-for-frivilligheten.html>). Ein av desse trendane er at tal på medlemmer i organisasjonane minkar, men tidsbruken på frivilligheit er stabil, noko som inneber at organisasjonane må tilpasse seg færre og meir selektive deltakarar og frivillige. Ein annan trend er at tilhøvet mellom det offentlege og det frivillige er i endring med tanke på samarbeidsformer og oppgåvefordeling.

Eit tillegg er samhandling på tvers og informasjonsflyt ei utfordring i ein stor organisasjon og langstrakt kommune, som i tillegg har alt fleire framandspråklege tilsette og innbyggjarar.

Styringsgruppa har samanfatta utfordringsbilete i følgjande hovudpunkt:

- Sviktande kommuneøkonomi
- Demografi med fleire eldre og færre yngre
- Færre ungdomar deltek i kulturtilbod
- Endring i utøving av frivillig arbeid
- Aukande einsemd, inaktivitet og sosiale forskjellar blant innbyggjarane
- Globalisering – «kulturmarkedet» er større enn nokon gong før
- Sentralisering / urbanisering – innbyggjarar ønskjer seg til urbane strøk noko som set andre krav til mellom anna kulturtilbod
- Digitalisering – behov for nytenking og andre verkty
- Behov for større bredde og betre tilrettelagde bygg og anlegg til å drive kultur, idrett og friluftsliv.

5 SATSINGSOMRÅDER

Styringsgruppa ønskjer å arbeide for visjonen; «Lokal identitet, regional attraktivitet og nasjonal slagkraft» gjennom å ha særleg fokus på:

- Å bygge felles identitet
- Barn og unge
- Inkludering
- Å legge til rette for profesjonell utøving
- Forsking, kunnskapsbasert utviklingsarbeid og innovasjon

Basert på nasjonale føringar, trender og utfordringar nasjonalt samt status lokalt vil styringsgruppa løfte fram tre større satsingsområde for kommunalområdet:

- Kultur
- Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet
- Medborgerskap

Det er eit mål at det skal vere likeverdige tilbod i den nye kommunen. Kanskje kan målet forståast ved at ingen innbyggjarar eller grupper skal ha eit dårlegere tilbod eller tilgang på fasilitetar i den nye kommunen enn kva som er tilfellet i dei enkelte kommunane før sammenslåinga. Styringsgruppa vurderer det slik at dette kan vere eit handterleg utgangspunkt for det vidare arbeidet med harmonisering av tenestetilbodet som bør halde fram også i åra etter 2020.

5.1 MÅL OG STRATEGIAR FOR TENESTENE

5.1.1 SATSINGSOMRÅDE KULTUR

Området omfattar tilrettelegging og kommunal forvaltning innan områda frivillig kultur, kulturskule, profesjonell kultur, kulturhus/arenaer, kulturminne / kulturarv, inkludering og nærmiljøutvikling.

Kultur skal bidra til å skape «gode liv», men kultur er ikkje berre avkobling frå ei hektisk og materialistisk verden. Kultur er tilkobling og viktig for å bygge identitet og skape eit mangfaldig og inkluderande samfunn.

Mål

(Nye) Ålesund har eit mangfaldig kulturliv av høg kvalitet som skaper felles identitet for alle grupper av befolkninga i kommunen.

Strategiar for å nå dette:

- Dei kommunale kulturtilboda skal vere mangfaldige og tilgjengelege for alle.
- Tilboda skal ha høg kvalitet og fremje kunnskap, meistring, danning og utjamne sosiale forskjellar.
- Det skal sikrast god tilgang til eigna kulturlokale i tettstader og lokalmiljø.
- Kommunen skal tilby gode vilkår for skapande menneske. Kulturarbeidarar, kunstnarar og kulturnæringa skal gjevast gode vilkår for å arbeide, vere i utvikling og bli synleg.
- Kulturskulen skal styrkast og utviklast, både breidde-, kjerne- og fordjupingsprogrammet.
- Det skal utarbeidast kulturminneplan med handlingsdel for verneverdige kulturminne og kulturmiljø.
- Det skal utarbeidast ny kulturplan så snart som mogleg etter sammenslåinga. Kulturplanen skal vere tufta på brei medverknad og dialog med kommunen sitt kulturliv.
- Bygge felles identitet gjennom kulturtiltak på tvers av dei gamle kommunegrensene.

5.1.2 SATSINGSOMRÅDE IDRETT, FRILUFTSLIV OG FYSISK AKTIVITET

Området omfattar mellom anna utvikling av grøntområde, tilgjenge til sentrale og lokale friluftsområde, tilgang til anlegg for idrett og eigenorganisert aktivitet, og informasjon til innbyggjarane om tilbod som finst.

Deltaking i idrett og andre former for fysisk aktivitet bidrar til identitet, trivsel og god helse. Det må leggest til rette for at flest mogleg skal kunne utøve idrett, nyte friluftsliv og vere fysisk aktivite. Satsingsområdet idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er særleg viktig i et folkehelseperspektiv og for å fremme eit attraktivt og inkluderande lokalsamfunn.

Mål

(Nye) Ålesund kommune bidreg til ei helsefremmande samfunnsutvikling gjennom tilrettelegging for alle grupper til å utøve idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Strategiar for å nå dette:

- Det skal leggest til rette for eit variert idrettstilbod.
- Det sikrast god tilgang på eigna idrettslokale og arena i tettstadar og lokalmiljø.
- Det leggest vekt på å tilby gode arena for kvardagsaktivitet og eigenorganisert idrett.
- Det skal sikrast god tilgang på friluftslivsområde.

5.1.3 SATSINGSOMRÅDE MEDBORGERSKAP

Nye Ålesund kommune blir ein stor kommune med eit stort areal. Intensjonsavtalen legg vekt på aktiv utvikling av tettstadene, ivaretaking av lokalmiljøa sitt særpreg og eigenart, og at tenestene til innbyggerane skal leverast nær der folk bur og sikre eit likeverdig teneste- og velferdstilbod. Den nye kommunen skal være ein fleirsenterkommune og ha stor grad av innbyggermedverknad med gode nærdemokratiske ordningar. Innbyggartorga skal tene som ein viktig arena i dette arbeidet.

Området omfattar mellom anna bibliotek, frivilligsentralar, innbyggartorg og lokalt ungdomsarbeid.

Mål

(Nye) Ålesund kommune skal legge til rette for deltaking, brukarmedverknad og samskaping på tvers av kommunale verksemder, politiske miljø, innbyggjarar, næringsliv, academia samt frivillige lag og organisasjonar.

Strategiar for å nå dette:

- Etablere og utvikle innbyggartorg
- Utvikle biblioteka som arena for formidling og debatt
- Utvikle frivilligsentraler i samarbeid med innbyggertorg
- Ta i bruk nye arbeidsformer og verky for dialog og medverknad
- Ta i bruk smarte digitale løysingar som kommuneKari, Aktiv Kommune, Ny by, Friskus m.fl.
- Samhandle med og bidra til utvikling av kommunedelsutvala.

5.2 KOMPETANSEBEHOV

Intensjonsavtalen seier at vi i nye Ålesund kommune skal ha større og meir robuste fagmiljø, med spesialiserte tenester tilgjengelege.

«Kompetanse er de samlede kunnskaper, ferdigheter, eigenskapar og haldningar som gjer det mogleg å utføre aktuelle oppgåver i tråd med definerte krav og mål.»

(Lai, L., «Strategisk kompetanseledelse», 1997, Fagbokforlaget, Bergen.)

Mål

(Nye) Ålesund er ein lærande organisasjon som rekrutterer og utviklar kompetente tilsette, og blir oppfatta av innbyggjarar og andre samarbeidspartar å ha dyktige medarbeidarar.

Strategier:

- Utarbeide arbeidsgjevarstrategi og leiaravtalar som synleggjer kva haldningar og verdiar som vil bli etterspurte
- Utarbeide kompetanseplanar som synleggjer behov for konkrete satsingar
- Samordna tilgjengeleg kompetanse (slik den kjem til nytta der den trengs) gjennom hensiktsmessig lokalisering og organisering av tenestene.
- Vurdere behov for ambulerande fagtenester (ulike dagar på ulike plassar)
- Rullering av personale mellom kommunesentra for å styrke fagmiljø og verte mindre sårbare ved sjukdom etc
- Ta i vare tilsette med deltidsstillingar og stor breidde i arbeidsoppgåver, for trivsel og utvikle eit meir robust fagmiljø. Vi vil ha plass til «allroundarane».
- Halde på den lokale kjennskapen og dei samarbeid som alt er på plass ute i kommunedelane
- Opprette forskarstillingar og tilsette personar med mastergrad i Kultursupport
- Opparbeide prosessleiarkompetanse i heile organisasjon for å kunne lede gjennom - og løyse - komplekse utfordringar
- Auka digital IT-kompetanse innanfor alle verksemdsområda

5.3 INNOVASJON OG DIGITALISERING

Kommunalområde Kultur og medborgerskap står overfor dei same utfordringane og samfunnsutvikling som heile kommuneorganisasjon. Det blir jamleg prøvd ut og starta nytenkande tiltak som til dømes «makerspace» som i hovudsak handlar om å leggje opp til skapande aktivitet i bibliotekrommet, og booking- og informasjonsportalen «Aktiv kommune» som skal fremme tilgjenge til idrettshallar.

Mål

(Nye) Ålesund kommune skal vere ein føregangskommune i digitalisering og teknologibasert utvikling av tenestene.

Strategier:

- Få på plass felles sentralbordsløyising i Nye Ålesund.
- Evaluere og avgjere bruk av digitale innbyggjar verkty som Nyby, Friskus, Kommune-Kari
- Utarbeide oversiktleg heimeside, med chatfunksjon og mogleg tilbakemelding-funksjon.
- Få på plass eit felles biblioteksystem og digital besøksteljar
- Innføre felles adminsitrasjonssystem i kulturskulen i nye Ålesund
- Vidareutvikle Aktiv kommune, og integrasjon med andre kalendrar.
- Betre integrasjonar mellom system som allereie er i bruk, for å hente ut meir av det vi har
- I større grad ta i bruk elektroniske skjema med elektronisk signatur
- Vurdere og prøve ut digitale løysingar for politikar og politikken

Innbyggartorg i Nye Ålesund kommune

Nye Ålesund kommune blir ein stor kommune geografisk. Intensjonsavtalen legg vekt på at ein skal ivareta kommunedelane sitt særpreg og at tenester skal vere der folk bur. Avtalen legg og vekt på å utvikle nye former for samhandling og medverknad mellom kommunen, innbyggjarane, frivillige og næringslivet. Medborgarskap og samskaping er viktige begrep i arbeidet med å skape ein ny arena som gjeng ut over det ein i dag har i kommunane.

Frå intensjonsavtalen:

Nye Ålesund kommune skal sikre levande lokaldemokrati basert på ei vid forståing av demokratiomgrepet og gjennom utprøving av nye former for medverknad. Den nye kommunen skal ha særleg fokus på digitale plattformer som hjelpemiddel i å la innbyggjarane medverke. Det skal utgreiast konkrete løysingar for e-demokrati i den nye kommunen.

Kommunedelane skal sjølve etablere ulike lokale nærdemokratiordningar for dialog med innbyggjarane på område som ikkje er tatt vare på gjennom lovfesta organ..

Viktige servicefunksjonar skal vidareførast i Skodje, Ørskog, Haram og Sandøy, som t.d Sandøytunet i Steinshamn og Gomerhuset i Skodje. Folkebiblioteka skal vere lokale ressurs som sørvisorgan, folkeopplysnings-, demokrati- og debattarena

Ingen av kommunane har i dag erfaring med innbyggartorg. Men alle kommunane har i dag ulike former for samskaping som det er viktig å bygge på og ta med seg i arbeidet.

Faggruppa for innbyggartorg har definert innbyggartorg slik:

Ei samlokalisering av ulike tenester som frivilligsentral, bibliotek, servicetorg, folkehelseaktivitetar, kafe, for å skape aktivitet og møteplassar for innbyggjarane. Vi ønskjer å skape sterke lokalsamfunn med høg grad av deltaking frå innbyggjarane, og sterk felles identitet, gode liv og gode lokalsamfunn. Sosial berekraft, hindre utanforskap og sosial isolasjon og ta vare på alle, også dei svake. Der vil vi arbeide for lokal identitet i den nye kommunen.

6 BEGREPSAVKLARING

Kommunedelsutval, Nærmiljøutval, Medborgarskap, Innbyggartorg; begrepa er mange, og det er viktig å avklare og definere kva begrep vi skal bruke og kva som ligg i dei. Intensjonsavtalen peikar på at det skal utviklast ny politikarrolle og nye former for politikutforming, samt at det skal byggast nettverk og partnerskap med næringsliv og det frivillige. Dette berører korleis ein riggar innbyggartorga, og kva forventningar ein skapar.

7 KONSEPT / INNHOLD

Det må utgreiast og beskrivast aktuelle oppgåver og funksjonar for innbyggartorga:

- Kva innbyggjarretta tenester er aktuelle?
- Kva brukarretta tenester er aktuelle?
- Kva tenester kan tilbys i same lokale ?
- Skal ein dele inn i basismodular/tenester og tilleggsmodular/tenester?

- Korleis kan innbyggartorga betjene innbyggerane gjennom digitale tenester?
- Definert bemanning, dette må sjåast i samanheng med digitale løysingar
- Opningstid for stedlige tenester (med døgnopne digitale tenester)
- Innbyggartorga kan vere ein “test- , visnings- og pilotarena” for nye digitale løysingar innan fleire kommunalområde (t.d. velferdsteknologi)
- Korleis organisere Servicetorg for ei mest mogleg effektiv drift, med god utnytting av ressursar
- Opprette rutiner for samarbeid med kommunikasjonsavdeling
- Utreie og definere servicetenester på dei ulike servicetorga

Styringsgruppa har med hjelp av faggruppa laga ein oversikt over dei oppgåver Servicetorga i kommunane har pr i dag. P2 har og i eit arbeidsmøte kome med innspel til innhald i eit innbyggartorg.

Oppsummert kan desse oppgåvene beskrivast slik:

Sentralbord	Oppgåver som i dag er i stor grad felles for alle kommunane
Skrankebetjening/publikumsmottak	
Postmottak (papir / epost)	
Møteromsbestilling	
Generell informasjon kommunale tenester	
Råd og rettleiing skjema og søknader	
Sakshandsame vigsler	
Val førehandsrøysting	
Vedlikehalde nettsie, kontroll tenestesider	
Facebook	
Nøkkelkort, styre tilgang dører	
Lage elektroniske skjema	
Annonsering	
Brukarar CIM /LBAS (beredskap)	
Bestilling av varer / kontorrekvisita	
Kopiering internt/eksternt	
TV-aksjon	
Kontaktpunkt for leigetakarar kommunale bustader	Dette er oppgåver som er ulikt organisert i kommunane i dag, men ein eller fleire av kommunane har pr i dag oppgåva organisert i Servicetorget.
Nabovarsling	
Byggesakspakker, matrikkelrapport	
Bustøtte	
Innsyn hus, mapper, planar, høyringar	
Bistå med flyttemelding	
KLP-informasjon	
Kart, reguleringsplanar	
Avvik (veg, park, anlegg, vatn, avløp)	
Informasjon faktura kommunale tenester	
Sakshandsame kunnskapsprøver, gjennomføre, fakturere	
Val – gjennomføring og ansvar	

Acos opplæring og systemadministrasjon	
Registrere tilsette i internkatalogen	
Korrigere / oppdatere intranett	
Årleg hjertestartar- og førstehjelpskurs	
Etablererprøve, skjenkesøknader, serveringsløyve	
Møtesekretær, kommuneTV, møtemat, møtegodtgjersle	
V-pro	
Innkalling, sakliste og etterarbeid politiske møter	
Delegerte saker (fritak kommunale avgifter)	
HC-parkering, TT-kort	
Kontering faktura, fakturamottak EHS	
Søknader kultur	
Søknader org – politisk disp.konto	
Pengebehandling for ungdomsklubb, legekantor osb	
Administrasjon av fergekort	
Adm/tildeling løyve grågåsjakt	
Utleige av kulturhus, adm	
Sal av sogehefte/bøker/billetter og liknande.	
Skademelding – oppfølging opp mot KLP / NAV	
Brannvernleiar rådhuset	
Tilskot trus- og livssynsorganisasjonar	
Fakturering kommunale tenester	

Dagens tilbud i servicetorga er i stor grad eit resultat av korleis kvar kommune er organisert og ressurstilgang. Ein må definere kva oppgåver som skal inn i innbyggartorga, med mulighet for lokal tilpasning etter behov.

8 SAMHANDLING/MØTEPLASS

Korleis kan ein samhandle på ein strukturert måte for å skape aktive og gode lokalsamfunn ?


Målet er å skape ein møtestad som er for alle, gjennom eit heilt livsløp. Dette kan vere eit grunnlag for både frivillig aktivitet, førebyggjande tiltak og folkehelsearbeid, informasjon og rettleiing og ein stad der ein kan vere i lag med andre.

Ein må utvikle og prøve ut nye metoder for medverknad og samskaping, for å nå fleire enn dei ein vanlegvis når gjennom tradisjonelle medverknadsmetoder som høyringar og liknande.

Ein må og sjå på korleis ein kan arbeide tverrfagleg i kommunen.

Innbyggarmedverknad er viktig fordi:

- Det gjer eigarskap / identitet
- Det styrkjer lokaldemokratiet
- Det gjer betre beslutningsgrunnlag
- Eit mangfold i samfunnet bidreg til nyansert kunnskapsgrunnlag
- Det fremmar læring og utvikling av kommunen vår



Innhald og forventningar

Undervegs i arbeidet er det skapt ulike forventningar til innbyggartorg, både innhald, utforming og kva som skal kome ut av det.

Stikkord:

- Foredrag og arrangement
- Bibliotek, Frivilligsentral
- Der du møter mennesker
- Utlån av utstyr o.a.
- Nærmiljøstasjon
- Ideverkstad og utviklingsarena
- Møteplass mellom besluttar, forvaltar og berørte
- Frivillige, lag og organisasjonar
- Innbyggerinitiativ
- Bindeledd til resten av kommunen
- Styrke samarbeid mellom innbyggerane og politikarane
- Tettstadanalyse som grunnlagsdokument
- Tiltak i nærmiljøa

Samskaping, medborgarskap og nærdemokrati er viktige premisser i arbeidet med å utforme innbyggartorg. I dei lokale prosessane vil Frivilligsentral og Bibliotek vere viktige aktørar som må delta aktivt i arbeidet med å utforme gode samarbeidsprosessar.

Det er viktig at ein i det vidare arbeidet legg opp til ein tydeleg lokal forankring. Ein må ta utgangspunkt i dei fysiske lokasjonane vi har i dag, men og ta med vurdering av ev. samlokalisering dersom dette let seg gjere innanfor fysiske og økonomiske rammer.

Innbyggartorga må vere bemanna i kjernetid. Med eit slikt spekter av innhald og oppgåver er det viktig at ein har ressursar med lokal kunnskap, kreativ tenking og vilje og evne til samarbeid. Skal ein sikre godt og tett samarbeid med politikarar, også mellom møter, bør politisk sekretariat og koordinering opp mot kommunedelutvala ligge i kvart innbyggartorg. Dette vil og ha betydning for ressursbruken og sekretariatsfunksjonen kan eventuelt kombinerast med andre oppgåver i Innbyggartorga.

9 LOKALE

Faggruppe for medborgarskap har påpeika at det i dag er spreidde og ulike lokalitetar i kommunesentera, som ikkje alltid er samlokaliserte . Dette inneber at ein må sjå på ulike løysingar i kommunedelane. I ein slik situasjon blir den digitale plattforma ein desto viktigare del av tilbodet, og kan fungere som eit bindemiddel.

Ein må kome fram til ei anbefaling til prinsipp / omsyn til lokale og funksjonalitetar som skal på plass.

Dersom innbyggartorga skal tilby møterom, kontorplass for ambulerande tilsette, innbyargarar o.a. må det avsettast nok lokale til dette. Dette må takast omsyn til når ein skal vurdere lokalisering av funksjonar rundt om i kommunen. Det må og vere på plass tilfredsstillande utstyr, med tilstrekkeleg digitale løysingar og eit lavterskeltilbod. Lokale må vere universelt utforma.

Digitale løysingar (Skype, chat, telefonkonferansar) må brukast aktivt for dialog med saksbehandlar og andre tilsette for å kompensere for avstand til tenester. Dette bør kombinerast med at kommunen tilbyr ambulerande tenester etter avtale.

Tilsette må ha kompetanse og mulighet til å arbeide innovativt for å ta i bruk digitale løysingar.

Det bør vurderast om det skal vere ein digital inngang til alle innbyggartorga. Ein felles informasjons- og kommunikasjonskanal, og ein samarbeidsplattform for tilsette og innbygarane.

Eksempel på ei slik digital koblingsplattform kan vere NYBY og FRISKUS

Eit slik digital plattform kan og vere eit fagleg nettverk for tilsette.

10 KOMMUNIKASJON

Innbyggartorga blir viktige for å sikre god kommunikasjon, og må ha eit tett samarbeid med kommunikasjonsavdelinga. Det er viktig å ha lik, samtidig og koordinert kommunikasjon utad i kommunedelane, slik at alle tilsette er informerte om det som er relevant informasjon for oppgåvene.

Det er og viktig at det blir organisert på ein effektiv måte, og at innbyggartorga har tilgang på rett informasjon.

11 SKISSE FOR VIDARE FRAMDRIFT/PLANLEGGING

- Det bør leggjast opp til ein felles sentralbordfunksjon. Ein er ikkje avhengig av ein bestemt lokasjon, men det bør vere samla ein plass. Å opprette del-sentralbord ute i innbyggartorga vil medføre auka behov for ressursar. Faggruppa har og presisert kor viktig det er at dei som ringer ikkje blir sett over mange gonger før ein kjem til rette tilsett. Det er viktig at dei som



betener sentralbord ser heilheit i den nye kommunen og er eit bindeledd i kommunikasjonen. Ein er og avhengig av gode løysingar for å kunne sjå kalender og liknande. Det må snarast avklarast løysing for sentralbord slik at dette er på plass til 2020.

Alternativt må avklaring skje i 2 trinn:

1. Kva som skal til for å vidareføre dagens løysing i Ålesund (som Ørskog og Sandøy har hengt seg på) i Nye Ålesund frå 1.1.2020
 2. Planlegging /vurdering av ny sentralbord/telefonløysing
- Organisasjonsmodell for innbyggartorga. I framlegg til organisasjonsplan er alle innbyggartorga foreslått med bemanna drift av kommunalt tilsette. Kvart torg har ein (gruppe)leiar.
 - Det må leggest ein plan for vidare arbeid med utvikling av tenester og oppgåver, i samsvar med organisering av tenestene i Nye Ålesund. Enkelte oppgåver krev eit nært samarbeid med fagavdelingar. Ein må og sjå på lokale tilpasningar.
 - Utgreie fleire og nye servicetenester, herunder drop in-funksjon for fleire kommunale tenester. Faggruppa har kome med fleire innspel til arbeid med innovasjon og digitalisering knytta til innbyggartorg.
 - Utarbeide modeller for samskaping og koordinering mellom innbyggartorg, frivillige, innbygarar.
 - Avklare forventningar til politikarane sin deltaking og medvirkning i innbyggartorg.



Organisering av seniorsenter i nye Ålesund kommune

Styringsgruppa for K5 Kultur og medborgarskap meiner at seniorsentra med dagplass og førebyggjande aktivitetar for heimeboande eldre må organiserast saman med dagtilbod for personar med demenssjukdom, demensteam, forebyggjande heimebesøk og andre helsetenester. Dette sikrar heilheitlege tenester med gode overgangar mellom tenestene på dei ulike trinna i omsorgstrappa. Styringsgruppa tilrår at seniorsentra slik dei i dag fungerer som ein møteplass for dei eldste eldre og et dagtilbod for multisjuka vert organisert under K1/K2.

Føringar for forebyggjande arbeid/seniorsenter

Dei nasjonale føringane knyttar det førebyggjande arbeidet, herunder seniorsentra slik dei vert drivne i dag, til helse og omsorg:

Omsorg 2020 Regjeringens plan for omsorgsfeltet. 2015-2020.

Stortingsmelding nr 15 2017-2018 «Leve hele livet»

Stortingsmelding nr. 10 (2012-2013)»God kvalitet-trygge tjenester.

Stortingsmelding nr 29 Morgendagen omsorg

Stortingsmelding nr 25 Mestring mulighet og mening

Stortingsmelding nr 47 Samhandlingsreformen

Stortingsmelding nr 39 (2006-2007) Frivillighet for alle, Nasjonal strategi for frivillig arbeid på helse og omsorgsfeltet 2015-2020 Helse og omsorgsdepartementet, Frivillig Norge. KS

Samhandlinga mellom dei forebyggjande tenestene og heimetenestene, bokollektiv og sjukeheim fremjer gode tenester gjennom pasientflyt og samarbeid.

Kommunene skal ha ein trygg og god helse- og omsorgsteneste som bidreg til god helse og førebyggjande sjukdom. Når sjukdom rammar, skal helse- og omsorgstenesta behandle, lindre og bistå i rehabilitering på best mogleg måte. Målet er best mogleg leveår for alle, og reduserte sosiale forskjellar i befolkninga. Tenestene skal utformast i eit tverrfagleg samspel med brukar og pårørande. Det skal satsast meir på førebyggjande arbeid, kvalitet i tenestene må sikrast, og heildøgstilbodet må vere fremtidsretta og fleksibelt.

Begrepsavklaring; førebyggjande tenester og seniorsenter


Seniorsentra, slik dei vert drivne i dag, er ein del av dei førebyggjande tenestene.

Dei førebyggjande tenestene skal vere ein aktiv og vesentleg aktør, som skal bidra til heilheitlege tenester slik at eldre opplever meistring og tryggleik på eit lavt nivå i omsorgstrappa.

Det førebyggjande arbeidet inklusive seniorsentra er ein vesentleg del i pasientflyt og samhandling i helsetenestene i kommunen.



I dagplass på seniorsenter vert det ytt helsehjelp til heimeboande eldre multistruke. Dagtilbud/seniorgruppe i seniorsenter har dokumentasjonsplikt og er underlagt Helse og omsorgstjenestelovverket



Konsept/innhald

Seniorsentra i Ålesund er opne for alle vaksne/eldre. Klipra og Spjelkavik seniorsenter er sosiale møteplassar i nærmiljøet og ein naturleg arena for aktivitetar som fremjer helse og trivsel. Sentra lagar halvårsplanar som presenterer verksemda sine tenester og faste og sporadiske aktivitetar ved sentra. Foredrag om aktuelle tema, sosiale, kulturelle og fysiske aktivitetar vert vektlagt. Sentra har kafeteria og tilbyr kake og smørbrød m.m samt servering av middag. Det kostar ikkje noko å besøke seniorsentra, men for enkelte aktivitetar er det ein eigenandel. Sentralkjøkkenet driftar kjøkkenet i Spjelkavik, og Klipra driftar sitt kjøkken. Begge sentra leiger ut lokaler til fotterapeut og frisør.

Sentra har seniorgrupper for dei som står i fare for å bli einsame og isolerte og dagplass for dei som har eit hjelpe-/omsorgsbehov eller pårørende som har behov for avlastning. Dette er plassar med vedtak. Vi har 3 seniorgrupper med 12 personar i kvar gruppe og 20 dagplassar 5 dagar i veka fordelt på begge sentra. Det er eigenandel på dagplass og seniorplass. Mange av dei som har plassar med vedtak har eit omfattande hjelpe- og omsorgsbehov i alle dagliglivet sine gjeremål. Det er dei eldste eldre, 80-95 år, som i all hovudsak nyttar seniorsentra. Etterspurnaden etter seniorgruppeplass og dagplass er stor, og ein dekkjer ikkje behovet. Heimeboande frå nærområda shoppar aktivitetar og kultur, møter kjende, tek ein kopp kaffe eller et middag.



Seniorsenteret på Fredheim på Ellingsøya blir drive av dei eldre sjølve ein dag i veka med støtte frå Klipra som bidreg med trim, kultur og informasjon om aktuelle tema.

Samhandling/møteplass

Seniorsentra er heilt klart ein møteplass, og av dette kan ein tenke at dei bør organiserast under K5. Hadde kommunen sine seniorsenter rekruttert tidlig-pensjonistar, friske eldre, lag og organisasjoner for å fremje aktivitet, frivillighet og eigenaktivitet, hadde det vore naturleg å organisere seniorsentra under kultur og medborgarskap. Det er også slik at denne målgruppa av brukarar finn vi igjen på frivilligsentralen som er ein del av nettopp K5.

Seniorsentra slik dei fungerer i dag som ein møteplass for dei eldste eldre og et dagtilbud for multisjuka eldre, bør derimot organiserast under K1/K2.



•

